Helse Førde HF
Administrasjon
HR

# PROTOKOLL

## LOKALE FORHANDLINGAR

### HELSE FØRDE – NORSK SYKEPLEIERFORBUND (NSF)

År 2024, 13., 24 og 29.mai 2024 den vart det i tråd med sentral protokoll mellom Spekter og Norsk sykepleierforbund (NSF) ført forhandlingar mellom

- Helse Førde HF og
- Norsk Sykepleierforbund

vedkomande lønsjusteringar og endringar i overeinskomsten del B for 2024.

Til stades på eitt eller fleire møter:

**For Helse Førde, HF:**
Torstein Nygård, forhandlingsleiar
Inger Johanne Sætenes, seksjonsleiar HR

**For Norsk Sykepleierforbund:**
Lena Thorsnes, forhandlingsleiar
Kari Sunde Kvile
Tore Kjell Hansen
Sylvia Kristine Rygg

**Konklusjon:**
Partane er einige om fylgjande;

1. Medlemmer i stilling som leiar med personalansvar gis lønstillegg på 1,8 % i tillegg til det gitt i sentral avtale -totalt 5,5 %. Tillegget gis med verknad frå 1.juli 2024

2. Medlemmer tilsett i stilling som ambulansearbeider med autorisasjon gis auka autorisasjonstillegg med kr. 6 000 til totalt kr. 12 000 (rekna i 100 % stilling). Deltidstilsette gis forholdsmessig tillegg. Tillegget gis med verknad frå 1.juli 2024.

3. Det innføres eit nytt ansiennitetstrinn på 20 år for sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar lønsgruppe 4 og 5, slik;
   - lønsgruppe 4, ny grunnløn kr. 600 000
   - lønsgruppe 5, ny grunnløn kr. 685 000
   Lønsendringa blir gjort med verknad frå 1.juli 2024.

   Ved framtidige endringar av minstelønssatsane skal minstelønssatsen for lønsgruppe 4 med 20 år ansiennitet ligge kr. 11 000 høgare enn minstelønssatsen for 10 år ansiennitet i



LKTT
TNy

same lønsgruppe, og minstelønssatsen for lønsgruppe 5 med 20 år ansiennitet skal ligge kr. 10 000 høgare enn minstelønssatsen for 10 år ansiennitet i same lønsgruppe.

4. Minstelønssatsene for jordmødre blir med verknad frå 1.juli 2024 justert slik at desse er kr. 10 000 høgre enn for lønsgruppe 5 med tilsvarande ansiennitet, slik;

| | |
|---|---|
| 0 år: | kr. 548 000 |
| 4 år: | kr. 571 000 |
| 6 år: | kr. 582 000 |
| 8 år: | kr. 609 000 |
| 10 år: | kr. 685 000 |

Ved framtidige endringar av minstelønssatsane skal minsteløna for jordmødre ligge kr. 10 000 høgare enn minstelønssatsen i lønsgruppe 5 for tilsvarande ansiennitet opp til og med 10 år ansiennitet.

5. **Nytt punkt i overeinskomstens B-del, pkt. 3.10**:
Tilsette med godkjent og relevant utdanning på doktorgradsnivå gis eit årleg fast tillegg inkludert i basisløn på kr. 50 000, rekna i 100 % stilling. Deltidstilsette gis forholdsmessig tillegg. For tilsette der det ved tilsettinga er stilt krav om doktorgrad skal slik kompetanse vere vurdert ved lønsfastsetting og ikkje lønast særskilt.

6. Individuelle tillegg, sjå neste side. Tillegga blir gitt med verknad frå 1.juli 2024.

Førde, 5.juni 2024

Torstein Nygård
Forhandlingsleiar Helse Førde HF

Lena Thorsnes
Forhandlingsleiar Norsk Sykepleierforbund

Følsomhet Intern (gul)

**Oversikt over individuelle tillegg lokale forhandlingar 2024 – Norsk sykepleierforbund**

1. Fylgjande medlemmer gis lønsauke til ny grunnløn, slik;
    - Hanne Pettersen kr. 650 000
    - Johnsen, Ida Matilde kr. 600 000
    - Frøholm, Hilde Kristin Kleppe kr. 600 000
    - Kapstad, Ingebjørg Ølnes kr. 620 400

Den nye årsløna er inkludert lønsendringane i protokollen frå dei sentrale lønsforhandlingane 2024 mellom Spekter og NSF.

2. Fylgjande medlemmer gis auke i kompetansetillegg utanom basisløn slik;
    - Astrid Torheim kr. 15 000
    - Lillian Sætre kr. 5 000

LHT.
TNy